



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Delegert vedtak

Hans Gaarder
Spellemannsvingen 36
3296 NEVLUNGHAVN

Arkivsaksnr: 2020/6455-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 05.08.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR - delegerte saker	72/22	
Verneområdestyret for SVR		

Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Hans Gaarder. Store Halvorsvatn. gnr. 5, bnr. 9. Bygland kommune

Syner til søknad dagsett 28.7.2022. Vedtak, saksframstilling og loggskjema ligg ved. Dokumenta må takast med under transporten.

Klage

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skrifteleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 788 Stoa, 4809 ARENDAL. Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngjeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplysast når brevet kom fram.

Vedlegg:

1

Loggark

Med helsing

Jørn Trygve Haug
verneområdeforvalter SVR

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift

Kopi til:

Statsforvalteren i Agder
Bygland kommune

Postboks 504
Kommunehuset

4804 ARENDAL
4745 BYGLAND



Vedtak

Med heimel i kapittel IV pkt. 5.4.c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Hans Gaarder løyve til landing med helikopter til frakt av utstyr og proviant til hytta ved Store Halvorsvatn gnr. 5 bnr. 9 i Bygland kommune. Løyvet gjeld ei landing i perioden 20.8 – 10.10 og for åra 2022 og 2023. Godkjend flygerute er teikna inn på kartet i vedtaket.

Vilkår:

- Flyginga mellom landingspunkta skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunkta
- Om det blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 m. frå landingspunktet skal landing utsettast til faren for forstyrring er over.

Godkjend flygerute og landingspunkt ved Store Halvorsvatn



For landing med helikopter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte landing på sin eigedom. Om du skal lande på andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

Saksopplysninger

Hans Gaarder har søkt om landingsløyve for helikopter ved Josephsbu, Store Halvorsvatn



gnr. 5, bnr. 9 i Bygland kommune. Føremålet med transporten er frakt av utstyr og proviant. Gaarder leiger hytte og jakt i området av Jan Ove Pytten Flodquist. Stadfesting av leigetilhøvet er sendt over frå eigar. Flygerute er Ljosland i Åseral – Store Halvorsvatn. Kart over flygerute går fram av vedtaket. Det vert søkt inntil to landingar i perioden 20.8 – 10.10 og der det vert beden om at løyvet vert gjeldande ein periode også utover 2022 men utan at tal år er spesifisert.

Gaarder søkte også for åra 2020 og 2021 om tilsvarande landing. I båe tilfelle var søknadane innvilga men avgrensa til ei årleg landing som følgje av at tal landingar må sjåast i samanheng med at eigar frå før har innvilga snøscootertransport til hytta.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.
- Vedtak i verneområdestyret 5.11.2018, sak 32/18, om delegering av saker til forvaltningssekretariatet

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel IV kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Etter kapittel IV pkt. 5.4.c kan det gjevast løyve til naudsynt luft og snøscootertransport for transport av materialar, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210).

Områda kring nord-vest for Pytten har tradisjonelt hatt funksjon som vinterbeite for villrein. Område kan vera særleg viktig i vintrar med vanskelege beitetilhøve lenger nord i heia.



I sommarhalvåret kan ein tidvis finne mindre bukkeflokkar i desse områda. Gjennom GPS-prosjektet er det relativt få registreringar i aktuelle område dei seinare år. Truleg heng dette saman med den totale bestandsituasjonen samt moglege hindre for trekk lenger nord. Gjennom GPS-prosjektet er det ein målsetting at villreinen i større grad skal ta i bruk utkanten av leveområda.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av transporten. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Hytta ved Josephsbu ligg rett ved Josephsbu turisthytte. Frå Josephsbu går det merka turistløype vestover mot Kvinen og austover mot Gaukhei og Pytten. Det er inga større tekniske inngrep i området. Motorisert ferdsel i området er i første rekke knytt til transport av proviant og utstyr til turisthyttene, samt til einskilde driftshytter. Samla sett vurderer ein motorferdsla til å vera liten til moderat.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført på ei miljømessig god måte.

Andre vurderingar

Som nemnd under saksopplysningar fekk søkar avgrensa tal landingar for åra 2020 og 2021 til ei landing som følgje av at øvrig transportbehov er dekkja av grunneigars snøscooterløyve. Snøscooterløyvet gjeld ut sesongen 2023 og ei avgrensing av tal helikopterlandingar bør difor også gjelde for 2022. Det kan vera rom for vurdere dette på nytt om grunneigar for neste løyveperiode for snøscooter reduserer tal turar.

Forvaltar ser det som greit å innvilge søknaden for to år, dvs. 2022 og 2023 slik at løyveperioden fell saman med grunneigars snøscooterløyve.

Konklusjon

Transportane vil berre i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde og transportane kjem ikkje i konflikt med verneformålet. Transportane vil heller ikkje vere eit trugsmål mot naturmangfaldet. Det kan difor gjevast løyve på vilkår men avgrensa til ei årleg landing.